



Karmøy kommune  
Postboks 167  
4291 KOPERVIK

Kontakt saksbehandlar  
Susanne Eltervaag, 51568903

## Førehandsvarsel - søknad - tiltak i sjø - Karmøy 3/254 - Veavågen - Jovikvegen Østhus - utfylling endring molo - Jan-Roar Storesund

---

**Statsforvaltaren i Rogaland ber om opplysningar om spesielle forhold som bør tas omsyn til ved behandling av søknaden.**

**Uttalane kan sendast til Statsforvaltaren i Rogaland, postboks 59 sentrum, 4001 Stavanger, eller til [sfropost@statsforvalteren.no](mailto:sfropost@statsforvalteren.no).**

**Frist for uttale er satt til 02.10.2023.**

---

Statsforvaltaren i Rogaland viser til søknad av 04.07.2023 om tiltak i sjø på eigendom med gnr./bnr. 3/254 Veavågen i Karmøy kommune.

### Kva betyr eit førehandsvarsel frå forureiningsmyndigheitene

Statsforvaltaren skal ta stilling til om det skal gis løyve etter forureiningslova § 11 (jf. § 16).

Etter forureiningslova § 36-7 skal offentlege organ og myndigheiter, organisasjonar som tek hand om allmenne interesser som vedtaket gjeld, eller andre parter, førehandsvarslas direkte før me treff vedtak.

Partane skal få moglegheit til å uttale seg innan ei nærmare angitt frist. Fristen er i dette tilfellet satt til 25.01.2023.

### Forventningar til mottakar av dette brevet

I dette brevet finn de ei oppsummering av søknaden me har motteke frå Fimbul AS, samt førebels merknadar Statsforvaltaren har til søknaden. Me ber de gjere dykk godt kjent med saka gjennom dette brevet og dei vedlagte dokumenta før de skriv merknadane.

Statsforvaltaren ønsker å hente inn aspektar som kan vere aktuelle for saka, eller som kan påverke dei vilkåra me stiller i eit eventuelt løyve. Denne informasjonen kan vere kjennskap til arter som er



sårbare eller som av andre årsaker trenger særleg beskyttelse. Det kan òg vere informasjon om kjelder til forureining, eller andre påverkingar.

Dersom de ikkje har nokon merknader til tiltaket så ber me likevel om ei skriftleg tilbakemelding på dette, innan fristen.

### Korleis er prosessen vidare

Etter fristen for uttale har gått ut, vil me sende innkomne uttaler til tiltakshavar for kommentar. Både uttalene og kommentarane frå tiltakshavar vil bli vurdert av Statsforvaltaren før me fattar vedtaket.

### Søknad

Under finn de ei kort gjennomgang av tiltaket.

Fimbul AS søker på vegne av Jan-Roar Storesund om løyve etter forureiningslova til tiltak i sjø. Tiltaket gjeld utfylling frå land, der føremålet er å endre utforminga av eksisterande molo.

Sjøbotnen i ved moloen blei granska i 2021 med bruk av enkeltstråle ekkolodd for å undersøke topografien. På bakgrunn av resultatata blei den siste endringa av utforminga av moloen foreslått, og som vil redusere nødvendige masser til utfyllinga. Endringa gjeld forlenging med ca. 10 m og av utforming, slik at han vert 8 m brei ved innsegling, og byggjer på naturgjeve, grunnare sjøbotn.



Figur 1 - Skisse av endring av molo. Figur er henta frå søknaden.

Det skal fyllast ut ca. 2500 m<sup>3</sup> massar frå land på eit areal på ca. 350 m<sup>2</sup> i sjøen i Veavågen (**Figur 1**). Vidare skal det plastrast med bruk av gravemaskin.

Djupn ved utfyllingsfot vil vere omkring 9-10 m.

Søker skriv at det skal nyttast reine, lokale massar til utfyllinga, og at desse skal ha lagvis oppbygging med kjernemasse, filterlag og plastringslag, i samsvar med preakseptert løysning for molobygging.

Arbeidet planleggast utført i løpet av hausten 2023 og vinter 2024.

Søker er ikkje kjent med at tiltaket vil kome i konflikt med natur- eller fiskeriinteresser, kommunal sjøleining eller kulturminne i sjø, og har på denne bakgrunn heller ikkje foreslått avbøtande tiltak.

### Samandrag frå vedlagte søknadsdokument

Søker har vedlagt ei rekke dokument til søknaden. I avsnitta under har me laga eit samandrag av vesentleg informasjon. Informasjonen i samandraget vårt representerer ikkje heile innhaldet i søknaden, og me anbefaler at de les vedlegga. Innhaldet er vesentleg for deira merknader.

#### I søknaden er det vedlagt

- utfylt søknadsskjema
- skisser av tiltaket (deriblant snitt av fasadar, situasjonskart, reguleringsplankart og anna)



- rapport, botnkartlegging<sup>1</sup>
- dispensasjon frå etter plan- og bygningsloven frå Karmøy kommune av 08.08.2023
- løyve til forlenging av pir frå Karmsund Havnevesen IKS av 15.04.2014

### Tilgrensande eigendomar

Tiltaket vil, ifølge søknaden, kunne påverke eigendomar med gnr./bnr. 3/10, 3/41 og 170, 3/181, 3/187, og 3/695 og 715.

Søker viser til at nabovarsel vart sendt ut den 11.01.2023, og at dei ikkje fekk nokre merknader til dette.

### Planforhold

Tiltaket inngår i detaljregulering for *Jovikvegen – gnr. 3/238, 254, 187* (PlanID 2087). Karmøy kommune har i brev av 08.08.2023 gitt dispensasjon i medhald av plan- og bygningsloven § 19-2 frå same lovs § 12-4, rettsverknad frå reguleringsplan deriblant formål om *grøntstruktur og havneområder i sjø* jf. § 12 og frå § 11.

### Kulturminne

Det er, ifølge søknad, ikkje registrert kulturminne i tiltaksområdet.

Søknaden sendast til kulturminnemyndigheit for eventuelle kommentar.

Me minner tiltakshavar om at stanse- og meldeplikta gjeld jf. lov om kulturminner §§ 8 og 14.

### Vassførekomsten

Tiltaket i Veavågen inngår i vassførekomsten *Veavågen-indre*<sup>2</sup> som er klassifisert som *beskyttet kystfjord* i Vann-nett. Den økologiske tilstanden er *god* og kjemisk tilstand er *dårleg*, basert på målingar av kvikksølv i taskekrabbe og av TBT i blåskjel.

Vassførekomsten er påverka i *middels grad* av diffus avrenning frå industriar, i *liten grad* av diffus avrenning av avlaup frå spreidd busetnad og i *ukjent grad* av diffus avrenning frå hamneaktivitet og frå forureina sjøbotn.

Veavågen er nær 5,5 km land og har fleire tersklar. Ved Ytraland, nord for tiltaket er terskelen ca. 35 m djup og rett sør for tiltaksområdet er terskelen ca. 10 m djup.

### Naturmangfald

I ytre del av Veavågen, ca. 175 m nord for tiltaksområdet, er det registrert ei svært viktig og større førekomst av marin naturtype skjelsand (*Svartholmen-Veavågen*).

Store deler av Karmøy er innanfor leveområde til hubro, hønsehauk og havørn. Vidare er nær trua (NT) stær, gråsporv og taksvale, sårbar (VU) gråmåke og sterkt trua (EN) makrellterne i Sævikvika, ca. 140 m vest for tiltaksområdet. Taksvalene vart observert byggande på reir i 2014 og 2018, medan makrellterna, gråsporv og stær var næringsssøkande. Ifølge [Temakart Rogaland](#) er det modellert ålegras i Sævikvika. Førekomsten er ikkje bekrefta i felt, men området kan truleg ha ein funksjon som

---

<sup>1</sup> «JR Storesund As– Bunnkartlegging molo Veavågen», Skarholm Dykking og Ingeniørtjenester AS, 21.02.2021, 15 sider

<sup>2</sup> Vann-nett: Veavågen-indre (0242040901-C). <https://vann-nett.no/portal/#/waterbody/0242040901-C>



matfat for fugl. I indre del av Veavågen, er det observert fleire fuglearter, blant annet makrellterne (EN) og lomvi (CR).

Støy som følgje av arbeida vil midlertidig kunne påverke artane i området, spesielt i hekkeperioden mellom april og september. Søker skriv derimot at arbeida er planlagt på haust- og vinterstid.

Tiltaket vil òg medføre spreieing av finstoff frå utfyllinga går til indre del av Veavågen. Utsleppet til sjø vil vere mellombels og avgrensa i omfang. Det er fleire tersklar i fjorden, og som truleg vil forhindre utsleppa frå å spreiaast til dei indre delane av fjorden, som er meir forureina.

## Statsforvalteren sine merknader

### Forureining

#### *Forureina sedimenter*

Når det fyllast ut i sjø er det fare for oppvirvling av forureining og finstoff frå utfyllingsmassane.

Statsforvaltaren er kjent med at det i 2020 blei gjennomført ei resipientgransking i Veavågen av Rådgivande Biologer på oppdrag frå Norscrap<sup>3</sup>, eit mottaksanlegg for metall og skrapstål som ligger på motsett side av fjorden og ca. 400 m søraust for tiltaksområdet. Hydrografi og sedimenter blei granska ved fire stasjoner i Veavågen. På ein stasjon (R2), ca. 300 m nord for tiltaksområdet, blei det målt høge verdiar av to PAH-forbindelsar, antracen (moderat) og benzo[ghi]perylene (dårleg), samt TBT (moderat). På R2 var siktedjup tilsvarande *god* tilstand og oksygeninnhaldet i botnvatnet tilsvarande *svært god tilstand*. Innerst i fjorden var det størst innhald av miljøgifter med høye verdiar av kobbar, arsen, kvikksølv og sink. Basert på resultatane av granskinga og rettleier 02:2018 for *klassifisering av miljøtilstand i vann*, var økologisk tilstand «dårleg» og kjemisk tilstand «ikkje god» for Veavågen-indre.

Miljøgifter slik som TBT, kobbar og sink er ofte forbundet med forureining frå hamneaktivitet, da dette ble brukt i botnstoff til båtar. PAH-forbindelsar blir danna av ufullstendig forbrenning av organisk materiale og kan stamme frå industri, fying og vegtrafikk.

#### *Syredannande bergartar*

Ifølge søker skal det nyttast lokal stein som utfyllingsmasse. Me gjer merksam på at nokre bergartar, som grønstein, grønskifer og svartskifer, kan vere syredannande, og har eit naturleg høgt innhald av tungmetall som koppar, sink og nikkel. Dersom slike finst i utfyllingsmassane, må dei handterast særskilt for å hindre utlekking av tungmetall og syredanning. For å hindre at massar som innehelder desse bergartane nyttas, bør det settast krav om å etablere mottakskontroll.

Vidare vil finstoff frå sprengstein ha høgare skadepotensiale enn naturlege partiklar, fordi desse er skarpe og forma som nåler, og kan gjere skade på gjellevev hos fisk og andre filtrerande organismar. Sprengstein kan og innehalde ein del plast som kan forsøple strandsona langt unna tiltaksområdet og som vil gi opphav til mikroplast dersom han ikkje samlast opp. Søker har ikkje nemnt at det skal nyttast sprengstein i søknaden.

Partikkelspreiinga kan avgrensast av ei partikkelbarriere, til dømes silt- eller boblegardin. Søker har ikkje foreslått avbøtande tiltak i søknaden.

---

<sup>3</sup> . «Resipientundersøkelse Veavågen, august 2020. Overvåking av resipienten ved Norscrap Karmøy», Rådgivende Biologer AS, 25.11.2020, rapportnr. 3234.



På bakgrunn av mistanke om forureina sedimenter i Veavågen vil Statsforvaltaren vurdere om det som eit føre-var tiltak skal stillast som vilkår at arbeida skal gjennomførast i periodar der livet i havet er mest mogleg i ro, dvs. på haust og vinterstid.

### Oppsummering

Tiltaket inneber utfylling i innsjø for å lage ny molo i Veavågen. Tiltaket er avgrensa i tid og omfang, men fordi sjøbotnen i tiltaksområdet er mogleg forureina vil me vurdere å stilles særskilte vilkår for å avgrense påverknaden som følgje av spreining av sedimenter.

Me ønsker kommentarar og merknader relatert til forureining og naturmangfald. Merknader skal sendes til [sfropost@statsforvalteren.no](mailto:sfropost@statsforvalteren.no). **Fristen for uttale er satt til 02.10.2023.**

Med helsing

Kirsten Redmond Kristiansen (e.f.)  
fagleder forurensing

Susanne Eltervaag  
rådgiver

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

### Vedlegg

- 1 Søknadom tiltak i sjø 3/254 - Jovikvegen 60, Karmøy
- 2 F1 - Rapport bunnkarlegging enkeltstråle
- 3 Karmøy kommune godkjenning 13.08.2014
- 4 Karmsund havnevesen godkjenning 15.04.2014
- 5 E1 - molo - teikn - snitt - plan
- 6 E2 - molo-plan
- 7 D1 - situasjonskart - rev
- 8 D2 - situasjonskart - plan - rev
- 9 D3 - situasjonskart - m/fyllingsfot
- 10 Godkjent søknadskart 2014

### Kopi til:

Jan Roar Storesund	Jovikvegen 60	4276	VEAVÅGEN
FIMBUL AS	Fjellvegen 13B	5694	ONARHEIM

### Adresseliste:

Rogaland fylkeskommune	Postboks 130	4001	STAVANGER
SØR-NORGES FISKARLAG	Postboks 936	6001	ÅLESUND
Fiskeridirektoratet, region sør	Postboks 185 sentrum	5804	BERGEN
Kystverket Vest	Postboks 1502	6025	ÅLESUND
Museum Stavanger	Muségata 16	4010	STAVANGER
Håkon Adelstein Hatløy	Østhusvegen 67	4276	VEAVÅGEN
Marianne Njuolla Sørensen	Jovikvegen 62 A	4276	VEAVÅGEN



Mats Sørensen	Jovikvegen 62 A	4276	VEAVÅGEN
Jan Gunnar Tjøsvoll	Jovikvegen 56	4276	VEAVÅGEN
Hans Ernst Mørch	Jovikvegen 64	4276	VEAVÅGEN
Kristina Njuolla Mørch	Jovikvegen 64	4276	VEAVÅGEN
Fiona Elizabeth Tjøsvoll	Jovikvegen 56	4276	VEAVÅGEN
Karmøy kommune	Postboks 167	4291	KOPERVIK